




Vestnes kommune  
Rådhuset  
6390 VESTNES

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10



## Vestnes kommune - Kommuneplan 2021-2030 Fråsegn til offentleg ettersyn av planstrategi og planprogram og varsel om oppstart av kommuneplanens samfunns- og arealdel

*Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.*

### Bakgrunn

Vestnes kommune har sendt samla forslag til kommunal planstrategi 2020 - 2023 og planprogram for kommuneplanens samfunnsdel til høyring. Føremålet med planstrategien er å avklare dei viktigaste planutfordringane som kommunen står overfor og ta stilling til kva planoppgåver som skal prioriterast dei neste fire åra. Kommuneplanens samfunnsdel omhandlar langsiktige utfordringar når det gjeld mål og strategiar, både for kommunens rolle som samfunnsutviklar og som tenesteytar. Samfunnsdelen vil gjennom ein eigen handlingsdel vere direkte kopla til kommunens økonomiplansystem, og vil samstundes legge viktige rammer og føringar for vidare arbeid med kommuneplanens arealdel.

Gjeldande kommuneplan for Vestnes kommune omfattar samfunnsdel og arealdel frå 2015. Utkast til planstrategi legg opp til samla rullering av kommuneplanens samfunns- og arealdel i løpet av planperioden. Planprogram for kommuneplanen inngår som del av den kommunale planstrategien.


Regjeringa skal kvart fjerde år leggje fram *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging* for å fremje ei berekraftig utvikling i heile landet, jf. plan- og bygningslova § 6-1. Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i arbeidet med planstrategiar og planar i fylkeskommunane og kommunane, og ligg til grunn for dei statlege myndighetene sin medverknad i planlegginga. Nye [nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 - 2023](#) peikar på at dei 17 berekraftmåla til FN, som Noreg har slutta seg til, skal vere grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Berekraftsmåla vil i tråd med dette vere retningsgivande i samband med planstrategiarbeidet, og slik legge tydelege føringar for det vidare arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel med handlingsplan som følgjer budsjett og økonomiplanarbeidet.

Det er viktig å sjå arbeidet med planstrategi og planprogrammet for kommuneplanens samfunnsdel i samanheng. Aktuelle referansar her er KMD sine rettleiarar T-1494 [kommunal planstrategi](#) og T-1492 [kommuneplanens samfunnsdel](#) Planstrategien er første ledd i kommunens langsiktige samfunnsplanlegging. Det nyvalde kommunestyret skal gjennom planstrategiarbeidet avklare kva planbehov kommunen har i komande kommuneplanperiode, og det vidare planarbeidet skal leggast opp i samsvar med dette. Kommuneplanens samfunnsdel skal med utgangspunkt i vedtatt planstrategi og planprogram gjere nærare greie for kva mål og delmål som skal prioriterast vidare. Dette vil gi rammer for handlingsdelen og samstundes gi viktige innspel til det vidare arbeidet med kommuneplanens arealdel.

Plan- og bygningslova (§10-1) opnar for at utarbeiding av og behandling av kommunal planstrategi vil kunne slåast saman og vere del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen. Forholdet mellom kommunal planstrategi og kommuneplanen er nærare kommentert i KMD sin rettleiar T-1494 [kommunal planstrategi](#) kap.3.1:

*Slås planstrategien og planprogrammet sammen, vil arbeidet med planstrategien inngå som oppstart av en ordinær kommuneplanprosess, og planprogrammet må følge prosessreglene for planprogrammet. For kommuner der det er åpenbart at kommuneplanen må revideres vil det også være mulig å legge opp arbeidet med planstrategien og planprogrammet for kommuneplanrevisjonen parallelt. Planstrategien vedtas da før planprogrammet for kommuneplanrevisjonen.*

Prinsippskissa under viser koplingane mellom kommunal planstrategi, planprogram og kommuneplan med samfunns- og arealdel (kjelde: KMD)



Figur 4: Kommunal planstrategi.

Gjennom eit felles dokument har Vestnes kommune i tråd med dette lagt fram forslag til planstrategi 2020 – 2023 og planprogram for kommuneplanens 2021 - 2030 til høyring.

Som ein følgje av at planstrategien og planprogrammet i hovudsak har eit overordna og prinsipielt innhald, vil våre merknader vere av meir generell karakter. Hovudvekta blir lagt på råd og rettleiing knytt til det vidare planarbeidet. Statsforvaltaren ønskjer å vere ein god medhjelpar i denne prosessen, og oppfordrar kommunen til å ta kontakt undervegs for diskusjon rundt tema som er knytt til våre ansvarsområde. I samband med offentleg høyring av kommuneplanen vil vi seinare kome nærare tilbake med meir detaljerte merknader. Plan- og bygningslova legg vekt på opne planprosessar og like vilkår for alle til å delta i planlegginga. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i samband med dette utarbeidd rettleiaren [Medvirking i](#)

[planlegging](#) Som ledd i det vidare planarbeidet rår vi også til at kommunen nyttar regionalt planforum, jf. plan- og bygningslova § 5-3.

Sidan desse to dokumenta er slått saman, vil også våre innspel og merknader til planstrategi- og planprogramdelen bli presentert samla under ulike hovudtema/fagområde. Dette også for å unngå overlapp mellom det som blir kommentert retta mot kvar av dei to delane. På nokre tema, som t.d. *samfunnstryggleik og klimatilpassing*, har vi valt å markere særskilt spesifikke merknader knytt til planstrategien og til planprogrammet.

For ein nærare gjennomgang av Statsforvaltarens rolle og ansvarsoppgåver knytt til kommunalt plan- og utviklingsarbeid viser vi elles til [Statsforvaltaren sitt forventningsbrev 2020 til kommunane i Møre og Romsdal](#). Gjennom eigne kapittel blir søkelyset her retta mot *Utfordringsbilde, Overordna prioriteringar, Forventningar til kommunane og Grunnlag for vidare dialog og samarbeid*. Dokumentet gir viktige rammer og føringar for kommunens vidare planarbeid.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgende merknader:

#### **Planfagleg vurdering**

Statsforvaltaren ser positivt på at Vestnes kommune tidleg i planperioden har starta arbeidet med utarbeiding av ny kommuneplan. Dersom kommuneplanens samfunnsdel skal vere eit viktig lokalpolitisk styringsverktøy, slik plan- og bygningslova og kommunelova legg til grunn, vil dette stille krav om at planen må vere direkte knytt opp til valperiodane og vedtakast tidleg i perioden. Utkast til planprogram legg opp til ein vidare planprosess i tråd med dette. Statsforvaltaren har i 2020 prioritert tett oppfølging av det strategiske kommuneplanarbeidet i samarbeid med dei einskilde kommunane. Kommuneplanen som politisk utviklings- og styringsverktøy vil elles vere eit hovudtema i samband med Statsforvaltarens planlagde dialogmøte med kommunane i 2021.

Arbeidet med eit samla utfordringsbilde og kunnskapsgrunnlag vil vere ein viktig del av planstrategiarbeidet og for det vidare arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel. Fylkeskommunens arbeid med *regional planstrategi* og *Fylkesplan for berekraftsfylket Møre og Romsdal* vil elles her vere ein nyttig referanse. Saman med ny utgåve av *Fylkesstatistikk, Kommunestatistikk og Folkehelsestatistikk*, samt dokumentet *Utfordringar og moglegheiter for Møre og Romsdal mot 2030* vil dette vere eit viktig kunnskapsgrunnlag for det kommunale planarbeidet.

Planstrategien er første ledd i kommunens langsiktige planlegging og vil legge viktige rammer og føringar for det vidare arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel. Denne omhandlar langsiktige utfordringar for mal og strategiar både for kommunen som samfunn og organisasjon. Samfunnsdelen skal også gi grunnlag for overordna rammer og strategiar for arealdelen.

Planstrategi og planprogram kan samordnast dersom det er klart at kommunen vil revidere kommuneplanen. Arbeidet med planprogrammet må då tilpassast den kommunale planstrategien. Dersom kommuneplanens samfunns- og arealdel skal reviderast samstundes, vil det kunne utarbeidast eit samla planprogram.

Vestnes kommune har i tråd med dette utarbeidd eit felles dokument som inneheld både utkast til kommunal planstrategi og planprogram for ein samla kommuneplan med samfunns- og arealdel. Dokumentet inneheld likevel ikkje noko klart skilje mellom planstrategien og planprogrammet til kommuneplanen. Planstrategidelen av dokumentet vil naturleg kunne innehalde ein nærare gjennomgang av kunnskapsgrunnlag, samfunnsutvikling med utfordringsbilde, samt ein samla

gjennomgang av kommunens planbehov. Planstrategien vil såleis naturleg kunne utgjere første del av dokumentet, medan planprogrammet for kommuneplanen vil kome som ei naturleg vidareføring i del to.

Innhaldsmessig vil planprogrammet rette søkelyset mot

- formålet med planarbeidet
- planprosessar med fristar og deltaking
- opplegg for medverknad
- omtale av alternativvurderingar

Det er innleiingsvis i høyringsutkastet gjort kort greie for bakgrunn, rammer og føringar for kommunens planarbeid. Plandokumentet inneheld ein grei gjennomgang av formål og organisering av planarbeidet, nasjonale og regionale føringar og forventningar, samt overordna utviklingstrekk og utfordringar.

Dokumentet omfattar vidare ein skjematisk presentasjon av kommunens plansystem og blir avslutta med ein nærare presentasjon av kommunens planbehov for perioden 2020 - 2023 koplta til ei tabelloversikt over aktuelle kommunale planar med forslag til revisjon/rullering i planperioden. Det vil vere naturleg med ein kritisk gjennomgang av tidlegare planar med tanke på korleis desse kan sorterast og koplast for å gi innspel til eit nytt, samla og forenkla plansystem for den nye kommunen. Vi vil elles rå til at ein skil tydeleg mellom overordna planar etter plan- og bygningslova og andre sektor/temaplanar.

Nærare gjennomgang av den vidare planprosessen - med ulike fasar, ressursar i planarbeidet, medverknad, framdrift og eventuelt vurdering av behov for utgreiingar - er ikkje nærare kommentert. Slik det samla plandokumentet er disponert følgjer planprogrammet ikkje som ei direkte vidareføring av planstrategien. Koplingane mellom desse to delane av dokumentet burde vore både tydelegare og meir utdjupa.

Kunnskapsgrunnlaget og det samla utfordringsbildet for kommunen er i liten grad nytta som inngang for nærare drøfting av korleis ein tenkjer seg den framtidige utviklinga i kommunen i åra framover. I kapitla *Utviklingstrekk* og *Utfordringar* ville det vere naturleg å vise til statistikk og nyttige faktaopplysningar på aktuelle samfunnsområde som bakteppe for ei vidare drøfting av utfordringar kommunen vil kunne stå overfor i åra framover. Dette vil, saman med eit supplerande og oppdatert kunnskapsgrunnlag og utfordringsbilde, danne utgangspunkt for val av prioriterte satsingsområde i det vidare arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel. Lokale mål, strategiar og tiltak vil her mellom anna kunne utviklast med referanse til FNs berekraftsmål.

I det vidare arbeidet med kommuneplanen vil det vere ei tett kopling mellom samfunns- og arealdelen, men likevel slik at samfunnsdelen bør kome først. Vedtatt samfunnsdel vil innehalde ein eigen handlingsdel med kopling til kommunens økonomiplan, og vil også kunne innehalde ein overordna arealstrategi med rammer og føringar for det vidare arbeidet med kommuneplanens arealdel.

#### *Arealrekneskap*

Kommuneplanen bør omfatte ein arealrekneskap/oversikt over planreservar. Vi vil rå til at dette blir tatt inn i planprogrammet. Dette er viktig bakgrunnsdokumentasjon for å kunne seie noko om behovet for utbygging i komande planperiode. Arealrekneskapen bør vise kor mykje areal dei ulike arealformåla legg beslag på, både sett i høve til dagens situasjon og planlagt arealbruk. I tillegg vil

eventuelt areal som blir tilbakeført frå utbyggingsareal til LNFR-formål gå fram av arealrekneskapet. Det bør være godt samsvar mellom forventa etterspurnad etter og tilbod på nye utbyggingsområde.

### *Konsekvensutgreiing*

For arealdelen er konsekvensutgreiinga eit av dei viktigaste grunnlagsdokumenta. Vi viser til rettleiar *T-1493 Konsekvensutredningar – kommuneplanens arealdel* som gir føringar for arbeidet med konsekvensutgreiing og kva for kjelder for kunnskap som skal nyttast og eventuelt behovet for vidare utgreiingar.

Alle nye utbyggingsområde skal konsekvensutgreiast og bør visast på eit oversiktskart, gjerne nummerert. I konsekvensutredninga for kvart område vil vi tilrå at man lager kartutsnitt som viser forslag til endring samanlikna med eksisterande plan og at det i tillegg er med flyfoto. I tillegg til å vurdere konsekvensane for ulike tema bør utgreiinga også vurdere eventuelle alternative lokaliseringar av nye utbyggingsområde. Vidare skal eventuelle avbøtande tiltak synleggjerast tydeleg og vere konkrete og forpliktande.

### **Kommuneøkonomi**

Kommuneplanens samfunnsdel skal ha en handlingsdel som seier korleis planen skal følgast opp. Vestnes kommune legg opp til at handlingsdel skal være kommunens økonomiplanen. Både kommunelova og plan og bygningslova opnar for det.

Samfunnsdelen skal gi overordna mål og føringar for utviklinga av kommunesamfunnet og for kommunen som organisasjon. Økonomiplanen må ta høgde for kommunens økonomiske rammer, og skal settast opp i balanse og vere realistisk. Handlingsdelen/økonomiplanen har også eit 1-års perspektiv i og med at det første året i handlingsdelen (økonomiplanen) er årsbudsjettet. Handlingsdelen blir dermed eit av kommunane sine viktigaste styrings- og rapporteringsverktøy, både i eit 4-års- og i 1-års-perspektiv. Dette kan sikre at kommunen forvaltar økonomien slik at handleevna blir tatt i vare over tid.

### **Barn og unge**

God og gjennomtenkt planlegging med deltaking frå alle aldersgrupper er nødvendig for å skape gode lokalmiljø og trygge oppvekstvilkår. I FNs barnekonvensjon heiter det i forenkla versjon: «barnet har rett til å seie meininga si i alt som kjem det ved, og barnet sine meiningar skal det leggast vekt på» (jf. art 12). For at FNs barnekonvensjon skal følgjast opp i praksis, må samfunnet legge til rette for deltaking og medverknad frå barn og unge, og sørge for at deira syn blir ivaretatt.

Statsforvaltaren vil minne om den særskilte ordninga som skal ivareta barn og unges interesser jf. Plan og bygningslova § 3-3. Vi vil oppmode kommunen om å følgje tilrådinga som ligg i ny [rettleiar for barn og unge i plan og byggesak](#) i samband med oppfølging av denne lovpålagde oppgåva. I ny kommunelov skal alle kommunar no etablere ungdomsråd, på lik linje med eldreråd og råd for funksjonshemma. Vi ser det som særskilt viktig at kommunen til å legg til rette for at ungdomsrådet får den opplæring og oppfølging dei treng. Å gi høyringssvar til kommunalt planarbeid kan vere utfordrande for dei som ikkje er kjend med slikt arbeid, og vi vil oppmode kommunen å legge best mogleg til rette for å kunne fange opp barn og unge sine interesser og meiningar.

Plan- og bygningslova held i sin formålsparagraf fram prinsippet om at barn og unges oppvekstvilkår skal takast i vare ved planlegging og i byggesak. [Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging](#) har forankring i § 6-2 i lova, og legg føringar for arbeidet.

I den vidare planprosessen vil vi følgje opp om det blir gjort greie for verknadene planforslaget har på barn og unge. Med tydelege føresegner for leikeareal vil barns interesser bli løfta fram i alle plansaker. Vi viser til Fylkesmannens leikeplassråd (no Statsforvaltaren) der ein kan finne forslag til føresegner forankra i *Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging*

<https://www.fylkesmannen.no/nn/More-og-Romsdal/Plan-og-bygg/Arealforvaltning/Leikeplassar---Fylkesmannen-sine-rad-i-plansaker/>

### *Skule og barnehage*

God utdanning er eit av FN's berekraftsmål og skal vere eit grunnlag for regional og kommunal planlegging. Berekraftsmålet skal sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremme moglegheit for livslang læring for alle.

Barnehage- og skuleeigar har hovudansvaret for kvalitets- og kompetanseutvikling i sine verksemdar. Kommunen må sikre god kompetanse- og kvalitetsutvikling i sine kommunale tenester for barn og unge. Kommunen må også sikre at kompetanseordningane på barnehage- og opplæringsområdet vert vektlagt i dei komande åra. Innhaldet i skulen vert fornya og nye læreplanar er gjeldande forskrift frå skoleåret 2020-2021.

Alle barn fortener ein god start og trygge rammer er viktig. Trygge barn som trivs lærer betre. Kommunen må sikre at barn og unge får eit trygt og godt barnehage- og skuletilbod, som dei har krav på etter lova. Kommunen må også ha fokus på forebyggjande og systematisk arbeid, slik at barn og unge opplever å ha trygge og gode dagar på skulen og i barnehagen. I *Stortingsmelding St. 6 (2019-2020) Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO*, er det påpeika at vi skal ha barnehagar og skular som gjev moglegheiter for alle barn. Det krev at barnehage- og skuleeigar er medvitne om arbeidet med inkluderande fellesskap og tidleg innsats. Det er viktig at kompetansen kjem tett på barna og elevane.

Alle kommunar har ei lovfesta plikt til å tilby nok barnehageplassar, og kommunane har også ansvar for å finansiere barnehagane.

### *Barnevern*

Stortinget vedtok i 2017 ei barnevernsreform som gjev kommunane auka ansvar for barnevernet. Barn og foreldre sin rett til å medverke i eiga sak er styrka. Regjeringa har igangsett ei kompetansesatsing som skal bidra til at utsette barn og familiar får den hjelpa dei treng til rett tid. Eitt viktig tiltak i kompetansesatsinga i 2020 er å styrke kommunane sitt arbeid med rettleiing og oppfølging av fosterheimane. Kommunane skal samarbeide om å utvikle tiltak og bygge kompetansmiljø på området.

### **Folkehelse**

Folkehelsearbeid er samfunnet sin samla innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremmer befolkninga si helse og trivsel. Folkehelselova pålegg kommunane å legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid, med blant anna eit krav om at kommunane skal ha ei skriftleg oversikt over helsetilstand og dei positive og negative faktorar som påverkar dette ([folkehelselova § 5](#)) Denne oversikta over folkehelseutfordringar *skal* inngå som grunnlag for kommunen sin planstrategi.

I 2019 publiserte helsedirektoratet ein ny [rettleiing](#) som er eit godt verktøy arbeidet med å utarbeide eit oversiktsdokument, slik lova krev. Oversiktsarbeidet skal reviderast kvart fjerde år i lag med utarbeiding av ny planstrategi. Det vert vist til statistikk frå Møre og Romsdal fylkeskommune og frå

Folkehelseinstituttet i dokumentet. Lovkravet i folkehelselova viser til at det er fleire opplysningar som må innhentast for å få eit godt nok kunnskapsgrunnlag. Lova viser også til at dette er eit sjølvstendig, skriftleg dokument som skal følgje kommunen i heile planperioden og legge grunnlaget for vidare prioriteringar.

### *Aldersvenlege samfunn*

Den demografiske utviklinga vil føre til store endringar i befolkninga. Å skape aldersvenlege samfunn der innbyggjarane held seg frisk så lenge som mogleg krev planlegging. Å planlegge for eit aldersvenleg samfunn kjem heile befolkninga til gode. Eit lokalsamfunn som er trygt inkluderande og tilgjengeleg for eldre vil også vere det for barn og vil føre til livskvalitet for alle innbyggjarar.

### *Psykisk helse i folkehelsearbeid*

Psykisk helse skal inngå som del av folkehelsearbeidet. Det inneber at folkehelsepolitikken må rette større merksemd mot faktorar som påverkar den psykiske helsa i befolkninga. Det gjeld levekår, barnehage, skule og skulemiljø, arbeid og arbeidsmiljø, frivillig deltaking og forhold i nærmiljøet. Gode oppvekst- og læringsmiljø står sentralt når det gjeld å førebygge psykiske problem blant barn og unge. I 2019 kom både [Opptappingsplan for barn og unges psykisk helse \(2019-2024\)](#) og nasjonal fagleg retningslinje [Tidlig oppdagelse av barn og unge](#), dokumet som gir støtte og gode verktøy til dette arbeidet.

### *Vald i nære relasjonar*

Vald i nære relasjonar har eit stort omfang og utgjør både eit kriminalitets- og folkehelseproblem. [Kommunale handlingsplanar](#) med fokus på dette området vil bidra til at kommunane har fokus på vald og overgrep og at dei involverte får eit tilrettelagt og heilskapleg tilbod. Målet bør være å få på plass ei tiltakskjede for å legge til rette for at spesielt born og ungdom ikkje skal vere i ein vanskeleg livssituasjon utan at nokon ser eller gjere noko med det.

### **Universell utforming**

Universell utforming er ein nasjonal strategi for å gjere samfunnet tilgjengeleg for alle, og der prinsippa er nedfelt i formålsparagrafen i plan- og bygningslova § 1-1. Universell utforming vedkjem ei rekke samfunnsområde, og vil i tråd med dette gjerne inngå som eit gjennomgåande perspektiv i den kommunale planlegginga. For meir informasjon om universell utforming i planlegging viser vi til [KMD/regjeringa sine heimesider](#)

Arbeid med kommunal planstrategi og kommuneplanens samfunnsdel er eit godt tidspunkt for å følgje opp universell utforming av strategiske val som ledd i samfunnsutviklinga i kommunen, sektorane si verksemd på dette feltet og behovet for særskilte grep når det gjeld vidare planlegging. Det kan gjelde lokaliseringsspørsmål og utbyggingsmønster i forhold til næringsutvikling, bustad, samferdsel, utdanning, arbeid, fritid, tettstadutvikling m.v.

### **Bustadsosialt arbeid**

Ansvar og oppgåver knytt til bustadsosialt arbeid er delt mellom fleire sektorar og forvaltningsnivå. Kommunane har hovudansvaret for å hjelpe vanskelegstilte på bustadmarknaden. Staten skal sikre gode rammevilkår. Frivillige og ideelle organisasjonar er viktige samarbeidspartnarar. Brukarar, pårørande og interesseorganisasjonar skal involverast.

Ansvar for ein heilskapleg og tverrsektoriell bustadsosial innsats er heimla i ulike lover vedtekter. [Husbanken](#) er ein sentral samarbeidspart for kommunane i innsatsen for å hjelpe vanskelegstilte på

bustadmarknaden. [Statsforvaltaren](#) har i samband med dette ei viktig rolle knytt til samordning av av sektorovergripande oppgåver og verkemiddel.

Regjeringa har nyleg lagt fram *Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken 2021 – 2024* [Alle trenger et trygt hjem](#). Den nye strategien bygg vidare på erfaringar, tiltak og strukturar som er utvikla under satsinga *Bustad for velferd 2014 – 2020*. Det blir her retta ein særskild innsats mot dei vanskelegstilte på bustadmarknaden. Prioriterte grupper er barn og unge, personar med nedsett funksjonsevne og dei som står i fare for å stå utan bustad. I samband med dette er det no ei ny bustadlov ute på høyring, der kommunen sitt ansvar for bustadsosiale omsyn mellom anna i planlegging vil bli klargjort.

### **Helse, omsorg og sosiale tenester**

FN sine berekraftsmål skal leggast til grunn i planleggingsarbeidet i kommunane. Sosial berekraft er eit nøkkelord for å kunne komme i mål med både miljømessig og økonomisk berekraft.

#### *Styring og leiing i helse-, omsorg- og sosialsektoren*

Kommunale verksemdar skal planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere alle aktivitetar for å sikre fagleg forsvarlege helse- og omsorg- og sosiale tenester, kvalitetsforbetring og pasient- og brukarsikkerheit.

[Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten](#) og [forskrift om internkontroll for kommunen i arbeid og velferdsforvaltningen](#) er viktige verktøy både for systematisk styring og leiing, og for kontinuerleg forbetring av tenestene.

Kompetanse er ein nøkkel til kvalitet. Kommunane skal sikre rett og forsvarleg kompetanse i helse-, omsorg- og sosiale tenester. Ein strategisk kompetanseplan er ein del av kommunen sitt planverk og seier noko om kva kompetanse kommunen treng for å nå måla. Krav til kompetanse i helse og omsorgstenestene er forankra i lov om kommunale helse- og omsorgstenester. Kommunen har ansvar for nødvendig opplæring til tilsette i NAV jf. Lov om sosiale tenester i NAV

#### *Tenester i helse-, omsorg- og sosialsektoren*

Statsforvaltaren viser til [Kompetanseløft 2025](#). Kompetanseløftet skal bidra til ei fagleg sterk teneste og til å sikre at den kommunale helse- og omsorgstenesta har tilstrekkeleg og kompetent bemanning.

*Kompetanseløft 2025* består av fire strategiske område med ei rekke tiltak:

- rekruttere, behalde og utvikle personell
- brukarmedverknad
- tenesteutvikling og tverrfagleg samarbeid
- kommunal sektor som forskings aktørar, fagutviklings- og opplæringsarena; og leiing, samhandling og planlegging.

Frå 1.1.2020 er det kome to nye kompetansekrav i HOTL § 3-1, desse er ergoterapeut og psykolog.

Førebygging, habilitering/rehabilitering og tidleg innsats er sentrale mål i helse og omsorgssektoren. Kommunen skal ha ei koordinerande eining for habiliterings- og rehabiliteringsverksemd i kommunen. Koordinerande eining skal bidra til å sikre heilskapleg tenestetilbod. Statsforvaltaren vil minne om [forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator](#).



[Velferdsteknologi](#) skal vere ein integrert del av tenestetilbodet i helse- og omsorgstenestene frå 01.01.2021. Kommunane bør ha planar for vidare arbeid på dette området.

Personar som har funksjonsnedsettingar har rett på gode og heilskaplege tenester og likeverdige liv på lik linje med andre. Grunnleggande rettigheter til personar som har ei utviklingshemming er i hovudsak konkretisert og utdjupa i FN- konvensjonen om rettighetene til menneske med nedsett funksjonsevne(CRPD). [NOU 2016:2017 På lik linje](#) viser til åtte løft for at personar med utviklingshemming skal få oppfylt sine menneskerettar. Ein rettleiar for kommunale helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming er under utarbeiding.

Den demografiske utviklinga viser at det vil bli fleire eldre i kommunane framover, og særleg i aldersgruppa over 80 år. Talet på personar som blir ramma av demens vil auke til om lag det dobbelte i 2040. Statsforvaltaren vil minne om [Demensplan 2025](#).

Dei fire hovudinnsatsområda er:

- Medbestemming og deltaking
- Førebygging og folkehelse
- Gode og samanhengande tenester
- Planlegging, kompetanse og kunnskapsutvikling

Viser til [Demenskart](#) som er eit verktøy for planlegging av helse- og omsorgstenester. Det viser kor mange personar som har demens på fylkes- og kommunenivå.

[Leve hele livet \(2019-2023\)](#) er ei kvalitetsreform for eldre over 65 år. Reforma forutsett at alle sektorar bidreg for å skape eit meir aldersvennleg samfunn der eldre kan vere aktive og sjølvstendige. Det er lagt opp til at kommunestyra i 2021 skal behandle og vedta korleis løysingane i Leve hele livet kan utformast i planverk og gjennomførast lokalt basert på analyse av eigne utfordringar og behov. På [nettsida Ressursportal.no](#) finnes informasjon som vil vere av relevans for kommunar i analyse og planlegging av *Leve hele livet*.

#### *Sosiale tenester i NAV*

Partnarskapet i NAV skal sikre eit samordna tenestetilbod i kommunen som føreset likeverdig og forpliktande samarbeid mellom kommune og stat. *Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga* (sosialtenestelova) er ein del av i kommunen sitt samla velferdsansvar. Det omhandlar dei kommunale tenestene og oppgåvene som NAV-kontoret skal utføre og delta i. Føremålet med sosialtenestelova er å betre levekåra for vanskelegstilte, bidra til sosial og økonomisk trygghet, og fremme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet, [jf sosialtenestelova § 1](#)

Kommunen er gjennom *Lov om sosiale tenester i NAV* pålagt å gjere seg kjent med innbyggerane sine levekår og følge med på faktorar som kan skape eller oppretthalde sosiale problem. Kommunen i NAV har vidare plikt til å medverke til at sosiale omsyn blir tatt i lokal planlegging. Det er derfor viktig og nødvendig at NAV vert inkludert i aktuelle fora slik at kunnskapen blir tatt inn i kommunen sitt planarbeid ( [sosialtenestelova §§12,13](#))

#### **Integrering**

Integrering og mangfaldsdirektoratet (IMDI) har over mange år arbeidd i tett dialog med kommunane om busetting av flyktningar i den einskilde kommune. Dette ansvaret er frå 1. januar 2020 overført til fylkeskommunen. Arbeid med integrering er eit samspel mellom mange partar. Den enkelte innvandrar skal møtes med krav om å bidra og delta, og det stille krav om stor og

samordna innsats. Kommunen må samtidig legge til rette slik at alle skal bruke sine ressursar på beste måte i arbeids- og samfunnsliv. Introduksjonsprogrammet legg klare føringar for vellukka integrering.

### **Natur- og miljøvern**

Gjennom plan- og bygningslova har kommunane eit svært viktig verktøy for å ta vare på naturen. Ved utarbeiding av kommuneplanens samfunnsdel og arealdel får kommunen høve til å sjå heile kommunens areal i samanheng, og gjere langsiktige prioriteringar for viktige miljøverdier. Arealforvaltning står sentralt for ivaretaking av miljøomsyn i eit langsiktig perspektiv. Arealbruksendringar påverkar til dømes klimagassutslepp og tap av natur. Berekraftig arealforvaltning er difor avgjerande for å nå nasjonale klima og miljømål.

Arealendringar som nedbygging og oppdeling av leveområde påverkar artsmangfaldet negativt. Også i Møre og Romsdal er det naturtypar og artar som står i fare for å forsvinne. Statsforvaltaren har ut frå sitt oppdrag ei overordna målsetting om at økosystema i fylket skal ha god tilstand og levere gode økosystemtenester. Vidare arbeider vi for at eit representativt utval av norsk natur skal takst vare på for komande generasjonar. Vi rår til at kommunen legg vekt på og prioriterer verdien av artsmangfald og fungerande økosystem, og også ser behovet for ny kunnskap der ein i dag manglar kjennskap til verdier og verknader.

Vi minner også om at kommunen kan utarbeide eigen kommunedelplan for naturmangfald. Nokre kommunar har gjennomført eit slikt arbeid og Miljødirektoratet har utarbeidd ein rapport om evaluering av dette pilotprosjektet frå 2016-2018. Rapporten er å finne på Miljødirektoratet sine heimesider. Vi oppfordrar kommunen til å gjere seg kjent med dette arbeidet og vurdere om det kan vere aktuelt å gjennomføre ein slik prosess.

### **Strandsone**

Det er viktig at kommunen har fokus på verdiane i strandsona og legg opp til ein planlegging som sikrar både dei biologiske- og landskapsverdiane i strandsona, samt tilgang til strand- og sjøareala for ålmenta.

Når kommunen no har tenkt å ha ein gjennomgang av byggegrense mot sjø vil vi understreke at det skal takast særleg omsyn til natur- og kulturminne, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser innanfor 100-metersbeltet. Dersom kommunen skal vise ei anna byggegrense mot sjø må dette derfor vurderast konkret for dei aktuelle byggeområda og eventuelt LNF for spreidd utbygging der ny byggegrense skal gjelde.

### **Vassdrag**

Vassforskrifta gjennomfører EUs rammedirektiv for vatn, og har som formål å sikre mest mogleg heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassførekomstane. Av omsyn til friluftsliv og miljøverdier bør det innførast byggeforbod i eit bestemt belte langs vassdraga.

### **Landbruk**

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal vil i planarbeidet syne til det nasjonale jordvernålet på 4000 dekar, samt det regionale jordvernålet i Møre og Romsdal på maksimal omdisponering på 200 dekar. Landbruks- og matdepartementet er no i gang med revidering av nasjonal jordvernstrategi, så i løpet av 2021 kan den kome innskjerpingar på jordvernålet som kan få betydning for det vidare arbeidet med arealdelen i Vestnes kommune.

Ved vurdering av eventuelle motsegn til framtidig arealbruk i revidering av arealdelen, vil vi i all hovudsak leggje til grunn brevet *Nasjonal og vesentleg regional interesse innfor jordvern*, i tillegg til jordvernmåla. Vi ber kommunen særskilt merke seg at ved framlegg til omdisponering av dyrka mark, så skal det vurderast alternativ <https://www.fylkesmannen.no/siteassets/fm-more-og-romsdal/dokument-fmnr/landbruk-og-mat/jordvern/nasjonal-og-vesentlig-regional-interesse-innenfor-jordvern.pdf>

Matjorda er landbrukets viktigaste næringsareal og menneskes livsgrunnlag. Bevaring av matproduserande areal er ein del av FNs berekraftsmål. Statsforvaltaren har forventningar til at matjorda og landbruksnæringa i Vestnes kommune blir prioritert i det komande planarbeidet, både i samfunns- og arealdelen.

For tiltak som inneber massedeponi/flytting av masse, så vil vi vise til rettleiaren <https://vest.nlr.no/nyheter/2018/haandbok-jordmassar-fraa-problem-til-ressurs-ta-vare-paa-matjorda/>. Føremålet med handboka er å vise korleis vi best kan nytte udyrka overskotsmassar til nydyrking eller forbetring av eksisterande jordbruksareal, med spesielt fokus på myrjord. Handboka ser også på framgangsmåtar for å flytte matjord utan at kvaliteten blir forringa, og på framgangsmåtar ved mellombelse tiltak på dyrka mark.

Intensjonen er at denne fagrettleiaren skal brukast til å bistå både forvaltning, bønder og entreprenørar, som eit godt verktøy for å få til meir samfunnsnyttig disponering av jordmassar som må flyttast på.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal vil leggje denne rettleiaren til grunn ved framtidige reguleringsplanar og tiltak som inneber omdisponering av matjord og anna masseflytting. På den måten kan vi oppretthalde jordressursen, slik at den framleis kan nyttast til matproduksjon.

### **Samfunnstryggleik og klimatilpassing**

I plan- og bygningslova er det forventning om at all planlegging skal fremje samfunnstryggleik, jf. § 3-1. Det betyr at samfunnstryggleik skal vere ein integrert del av dei ulike planleggingsdelane og -prosessane. Kravet til eit heilskapleg og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap kjem òg fram av forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3. Denne paragrafen gjev kommunen plikt til å legge heilskapleg ROS-analyse til grunn for arbeidet med samfunnstryggleik, inkludert ved utarbeiding av planar etter plan- og bygningslova. Vidare skal omgrepet samfunnstryggleik tolkast vidt, og kan få følgjer for mange kommunale planar.

Heilskapleg ROS-analyse skal ligge til grunn for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap, jf. sivilbeskyttelseslova § 14. Dette betyr mellom anna at kommunen skal vurdere behovet for nye planar, og oppheving eller revisjon av gamle planar, basert på ny og relevant informasjon om samfunnstryggleik avdekka gjennom heilskapleg ROS-analyse. Det kjem ikkje fram i planprogrammet om funn i kommunen sin heilskaplege ROS-analyse er nytta som kunnskapsgrunnlag for planstrategien. Vi ser likevel at kommunen er medviten ansvaret innanfor samfunnstryggleik og beredskap, og at «*klima og beredskap*» er eitt av fokusområda som det skal arbeidast vidare med i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Kommunen sin heilskaplege ROS-analyse er frå 2017 og er planlagt oppdatert/revidert i 2021. Vi vil oppmode om at analysen blir revidert tidleg i planperioden. Dette slik at analysen kan inngå som eit oppdatert kunnskapsgrunnlag i kommunen sitt arbeid med ny samfunnsdel og arealdel. Ut frå planprogrammet ser det ut til at kommunen planlegg for dette.

Av planprogrammet ser vi at kommunen sin overordna beredskapsplan mellom anna inneheld langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. I arbeidet med ny samfunnsdel tilrår vi at desse integrerast inn i samfunnsdelen, og baserast på oppdatert kunnskap frå ein oppdatert heilskapleg ROS-analyse.

Kommunen nemner klima som ei utfordring som må arbeidast med framover. I denne samanheng minner vi om *Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*. I planretningslinjene står det at i kommunale planstrategiar skal det gjerast ei vurdering av om omsynet til eit endra klima førar med seg eit behov for nye planar, eller oppheving eller revisjon av gjeldande planar. Både eksisterande og ny kunnskap om klimaendringar og konsekvensar av dette, bør vurderast og omtalast i planstrategien. Kommunen sin heilskaplege ROS-analyse kan òg ha avdekka utfordringar knytt til klimaendringar og arbeidet med planstrategien bør følgje opp desse. Tilsvarande må gjerast dersom utfordringar knytt til klimaendringar er prioritert i plan for oppfølging av heilskapleg ROS-analyse. Av planstrategien ser vi at kommunen planlegg å oppdatere kommunen sin temaplan «*Energi- og klimaplan*» i 2024. Vi tilrår at klimatilpassing vert inkludert i ein slik plan.

Det er vidare viktig at tiltak som omhandlar utfordringar knytt til samfunnstryggleik forankrast i kommuneplanen sin handlingsdel, ettersom denne prioriterer, planlegg og konkretiserer tiltaka innanfor kommunen sine økonomiske rammer. Dersom arbeidet med samfunnstryggleik utløyser utgifter, må dette innarbeidast i økonomiplanen slik at det gjevast eit reelt handlingsrom til å gjere arbeidet.

### **Klima**

Gjennom satsinga [klimasnu](#) jobbar Statsforvaltaren aktivt med å bidra til arbeidet med å redusere klimagassutslepp og tilpasse samfunnet til eit klima i endring. Målet med satsinga er mellom anna å styrke klimakompetansen i kommunane, utvikle fylket i ei klimavennleg retning for å nå lågutsleppssamfunnet og samtidig vere klar til å takle konsekvensane av klimaendringane. Vi forventar at alle kommunane i Møre og Romsdal prioriterer dette arbeidet. Vi viser til [Statleg planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#). Denne skal leggest til grunn for all planlegging.

### **Reduksjon av klimagassutslepp**

Innan 2030 skal klimagassutsleppet i Norge vere redusert med minst 50 % samanlikna med referanseåret 1990. Kommunen må styre mot at vi skal bli eit lågutsleppssamfunn innan 2050. Kommunen skal stimulere til, og bidra til, reduksjon av klimagassutslepp og økt miljøvennleg energiomlegging. Kommuneplanens samfunnsdel skal legge grunnlaget for klimagassreduksjonen.

Planstrategien til Vestnes kommune viser at evaluering og oppdatering av energi- og klimaplanen er planlagt i 2024. Energi- og klimaplanen for Vestnes var gjeldande frå 2011 til 2015. Kommunen står derfor no utan ein plan på eit av dei områda det hastar mest med å få på plass. Kommunen kan ikkje vente til 2024 med å ta tak i klimautfordringane. Statsforvaltaren føreset at kommunen set ambisiøse mål og gjennomfører tiltak for å redusere klimagassutsleppa også i tida fram mot 2024. Klima må bli ein integrert del av arbeidet til kommunen. Eit godt grep for å få til dette, vil vere å lage klimabudsjett og klimarekneskap med same organisering som kommunen sitt økonomiske rekneskap. Statsforvaltaren samtidig til at kommunen raskt sett i verk alle «sjølvsgatte» klimatiltak, som å skifte til el-bilar der det er mogleg, sette klimakrav til alle innkjøp osv.

Kommunen kan vurdere å integrere klima- og energiplanlegging i kommuneplanen sin samfunns- og handlingsdel, i staden for å utarbeide ein sjølvstendig klima- og energiplan. Dette er nærare omtalt i rettleiaren til [rettleiaren til klima- og energiplanlegging](#). Rettleiaren har òg gode råd til korleis næringsliv og innbyggjarar kan motiverast til handling gjennom medverknad. Kommunen må vurdere om dette er godt nok ivaretatt i kapittelet «Prosess og påverknad» i *Planstrategi og planprogram for Vestnes kommune*. Ein god klima- og energiplanprosess bør gjerne kunne ut i avtaler der også andre aktørar enn kommunen sjølv har forplikta seg til å gjennomføre tiltak.

Arealplanlegging vil vere eit av dei viktigaste verkemidla for å redusere klimagassutsleppa frå transportsektoren og frå endra arealbruk (avskoging, nedbygging av myr mv). Dette kjem førebels dårleg fram i kapittelet *Kommunens arealdel* i utkastet til *Planstrategi og planprogram for Vestnes kommune*. Vi minner også om at dei statlege planretningslinjene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging skal leggest til grunn for arealplanlegging og utbyggingsmønster. Vårt generelle råd knytt til alle våre ansvarsområde er å stø opp under etablert sentrums- og tettstadstruktur. Konsentrert utbygging er generelt positivt ut i frå omsyn til natur- og miljøvern, landbruk, folkehelse, tenesteyting og tettstadutvikling. Det er derfor viktig å ta ein gjennomgang av område som tidlegare er sett av til utbygging, men som ikkje er tatt i bruk, og vurdere om nokre av områda kan bevarast til naturformål. Kommunen har også moglegheit til å sette av areal til klimatiltak.

### **Støy**

Støy er eit miljøproblem som rammar svært mange menneske i Noreg. Om lag 1,7 millioner nordmenn er utsett for eit gjennomsnittleg støynivå over 50 dB ved egen bustad, og omkring ein halv million er i stor grad plaga av støy. Støy bidrar til redusert livskvalitet og mistriksel, og påverkar derfor folks oppførsel og helsetilstand. Samferdselssektoren står for nesten 90 prosent av dei registrerte plagene, og vegtrafikken alene for nærare 80 prosent.

I tillegg til å sette i verk nasjonale tiltak som reduserer støyen ved kjelda, er det svært viktig å legge til rette for ein langsiktig arealdisponering som førebygg støyproblem. Førebygging gjennom riktig arealbruk er truleg det mest kostnadseffektive tiltaket mot støy. Miljøverndepartementets *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442*, med tilhøyrande rettleiar M-128 skal leggest til grunn for all arealplanlegging og utbygging. Planføresegnene må sikre at alle planar skal utgreiast i høve til retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegginga T-1442/16, og der anbefalte støygrenser skal gjelde for planområdet.

Vi vil også rå til at kommunen synleggjer støysonekart med raud og gul sone på plankartet eller som eige temakart. Dette gjeld gjerne støysoner langs veg, men også der det tidlegare er utarbeidd støysonekart rundt skytebanar, massetak eller andre støyande verksemder.

### **Kvalitetssikring av arealplanar**

Kartverket Molde gir tilbod om kvalitetskontroll av arealplankart til alle kommunar i fylket. Statsforvaltaren oppfordrar kommunane til å nytte seg av dette tilbodet før offentleg ettersyn av arealplanar, og sender eit eksemplar av SOSI-fil og PDF-fil til Kartverket.

### **Føresegner**

Vi minner om skiljet mellom juridisk bindande føresegner og retningslinjer til planen. Føresegnene må vere konkrete, krav som blir stilt må vere absolutte og ikkje skjønsmessige. Til dømes er føringar om sakshandsaming og planprosess retningslinjer. Føresegner som følgjer direkte av lov og forskrift treng heller ikkje vere innlemma i føresegnene.

## Konklusjon

Utkast til kommunal planstrategi og felles planprogram til kommuneplanens samfunns- og arealdel presenterer overordna rammer og føringar, kunnskapsgrunnlag og utfordringsbilde som grunnlag for kommunens vidare planarbeid. Det er vidare gitt ein kort omtale og vurdering knytt til aktuelle plantema og planoppgåver som skal prioriterast i planperioden 2020 - 2023. Samanhengen mellom kunnskapsgrunnlaget og planstrategidelen av dokumentet på den eine sida, og planprogrammet for kommuneplanen på den andre, kunne vore tydelegare.

Regjeringa har gjennom [nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 - 2023](#) peika på at FNs berekraftsmål skal vere retningsgivande for kommunalt planarbeid. Dette er i liten grad drøfta som premis for det vidare arbeidet med kommuneplanen, og som utgangspunkt for nærare omtale og vurdering av mål og strategiar sett i lys av lokale behov og føresetnader.

Arbeidet med kommunal planstrategi og utarbeiding av planprogram for kommuneplanen er lagt opp som parallelle prosessar. Vi har understreka behovet for ei tett kopling mellom desse plandokumenta og peika på korleis dette kan vidareførast i den vidare planprosessen knytt til kommuneplanen. Det er her viktig å sikre god samheng mellom kommuneplanens samfunns- og arealdel, men likevel slik at samfunnsdelen kjem først. Samfunnsutviklinga som blir behandla i samfunnsdelen vil beskrive behov og gi viktige rammer og føringar for det vidare arbeidet med arealdelen.

Statsforvaltaren viser til våre merknader over, og ber om at dette blir tatt omsyn til i det vidare planarbeidet. Det er spesielt viktig at kommunen i denne perioden arbeider aktivt med klimatilpassing og klimagassreduksjon. Statsforvaltaren vil gjennom satsinga *Klimasnu* vere ein ekstra ressurs inn i dette arbeidet. Vi vil seinare gjennom vår fråsegn til offentleg høyring til kommuneplanens samfunnsdel kome nærare tilbake til meir utfyllande innspel og merknader til ulike fag- og temaområde.

Med helsing

Sveinung Parr Dimmen (e.f.)  
samordnar

Jorunn Mittet Eriksen  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*

## Fagsaksbehandlar

Kommuneøkonomi: Sissel Hol, 71 25 84 49

Folkehelse og Barn og unge: Anne Mette Nerbøberg, tlf. 71 25 28 52:

Skule, utdanning og barnevern: Bodil Grindvik Uri, tlf. 71 25 85 89

Helse og omsorg: Greta Irene Hanset, tlf. 71.25 85 47

Landbruk: Tormod Meisingset, tlf. 71 25 84 04

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Klima: Anne Melbø, 71 25 85 15

Kopi til:

Fiskeridirektoratet

Møre og Romsdal fylkeskommune

Statens vegvesen

Kystverket

Norges vassdrags- og energidirektorat Region  
Vest

Postboks 185 Sentrum

Fylkeshuset

Postboks 1010 Nordre Ål

Postboks 1502

Naustdalsvegen 1b

5804 Bergen

6404 Molde

2605 LILLEHAMMER

6025 ÅLESUND

6800 FØRDE

Avsender: STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL  
Postboks 2520  
6404 MOLDE  
Norge

VESTNES KOMMUNE  
Rådhuset Brugata 10  
6390 VESTNES  
Norge

**Vestnes kommune - Kommuneplan 2021-2030 - Fråsegn til offentlig ettersyn av planstrategi og planprogram og varsel om oppstart av kommuneplanens samfunns- og arealdel**